



Anine Enes, Solveig Haugland og Veslemøy Haugland gjorde også ein innsats under dugnaden måndag kveld. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Klatreveggen i Aktivitetshuset nærmar seg fullføring sjølv om det ikkje heilt vil lukkast å nå den opprinnelege målsettjinga, som var å få veggen klår til skulestart. Men om eitpar veker vil han etter alt å dømma vera ferdig og leiar i Aktivitetshuset Bjørn Olav Tveit er svært fornøgd med dugnadsinnsatsen. Måndag kveld var 10-12 personar i aktivitet - det var både unge og eldre og til og med ein frå Herøysund!**



Bjørn Olav Tveit - her i toppen av klatrevæggen - er svært godt fornøgd med dugnadsinnsatsen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Og prosjektet har i marsjen vorte ein god del større enn dei såg for seg i første omgong. Då planla dei ganske enkelt for overflytting av veggen slik han stod i Seglem skule.

No har han vorte rundt rekna 50 prosent større og det utan at det føreligg nokon budsjettsprekk. Veggen vil truleg kosta 25.000 kroner, ein sum som i sin heilheit blir dekt av Damevennene!



Frammøtet var svært bra til dugnaden mandag kveld. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Måndag kveld var det i første omgang opprydding som sto på programmet. Neste steg var klargjøring for maling og målet var å komma igang med og kanskje gjennomføra det første strøket.

I strøk nummer to blir det blanda inn sand slik at overflata skal bli hard og ru. Dette strøket skal etter planen skje i løpet av veka og når det er unnagjort vil veggen vera klår for påskruing av tak. Det er ei heller tidkrevande og omstendeleg oppgåve.

Bjørn Olav ynskjer å retta ein spesiell takk til Byggeriet som har operert med svært gunstige prisar for nye plater og anna material og han plussar på ein takk til Frode Bu som har fungert som bygningsteknisk konsulent.

Korleis drifta av klatreveggen skal organiserast er ikkje klårt førebels.

- Men det må gjennomførast ei eller anna form for kurs først. Ein kan ikkje senda ungar opp i ein klatrevegg utan førebuing, slår Bjørn Olav fast.

Av Ola Matti Mathisen.